

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Kva kan vi seie at munnlege ferdigheiter er for noko?

Svar

Munnlege ferdigheiter er det du seier, og korleis du seier det.



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Korleis kan du strukturere ein kort innleiande presentasjon?

Svar

Du bør presentere emnet ditt, vise korleis du har innskrenka emnet, og vise kva for tekstar du skal bruke. Du bør i tillegg gjere greie for problemstillinga.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Kva er det viktigaste målet med innleiinga i ein presentasjon?

b) Kva kan du gjere for å oppnå dette målet?

Svar

- a) vekke interesse
- b) vere engasjert, kople til noko aktuelt eller personleg, tenke metaforisk



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Korleis kan du vise deg som ein fagperson i hovuddelen av presentasjonen din?

Svar

- bruke fagspråk og eksempel
- organisere fagstoffet på ein ryddig måte
- bruke tekstbindarar for å skape samanheng
- bruke notatkort for å halde deg til temaet

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Korleis kan du sikre at publikum forstår det du har snakka om, i slutten av presentasjonen din?

Svar

- ved å trekke fram det viktigaste du har sagt, maks tre stikkord
- ved å avslutte med eit slagord eller spørsmål til vidare undring
- ved å vise tilbake til noko du har sagt i innleiinga (sirkelkomposisjon)



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Nemn minst tre tips til kva du bør tenke på når du øver til presentasjon og held presentasjon.

Svar

- følelsane du legg i det du presenterer
- plasseringa i rommet
- bruken av kropp og armar
- kvar du festar blikket
- måten du bruker stemma på

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Nemn minst to metodar du kan bruke for å jobbe aktivt med fagstoffet før ein fagsamtale.

Svar

- ta notat
- lage spørsmål
- lage stikkordlister
- lage tankekart
- sjå etter samanhengar i fagstoffet



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Nemn minst to tips til korleis du kan øve på munnlege ferdigheiter før fagsamtalen.

Svar

- øve med ein venn eller medelev
- øve framfor spegelen eller med mobilkameraet
- snakke høgt mens du skriv notat

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Korleis kan du vise god fagleg kompetanse under fagsamtalen? Nemn minst tre ting.

Svar

- ved å svare utfyllande og sjølvstendig på spørsmål
- ved å bruke fagspråk
- ved å diskutere kva som er likt og ulikt i tekstane
- ved å vise kunnskap om norskfaglege emne
- ved å svare på problemstillinga eller temaet
- ved å utvide perspektivet og trekke linjer til anna relevant fagstoff



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Korleis kan du vise gode munnlege ferdigheter under fagsamtalen?

Svar

- ved å snakke tydeleg og samanhengande
- ved å ha eit ope kroppsspråk og god blikkontakt
- ved å drive samtalen vidare (ikkje berre vente på spørsmål)
- ved å snakke sjølvstendig og fritt
- ved å bruke formuleringar frå problemstillinga
- ved å ta deg tid til å tenke

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Kva bør du vite om eksamen i norsk munnleg?

Svar

Du bør vite kva slags rammer eksamenen har (tid, oppgåve).



Dialogkort vg3

Kapittel 3 Munnlegtips

Spørsmål

Kva kan du gjøre for å førebu deg til å vise fagleg fordjuping til eksamen?

Svar

- skaffe deg oversikt over rammene for vurderinga (tid, reglar, vurderingskriterium)
- nærlæse oppgåva (kva som er temaet, om du skal lage eiga problemstilling, kva tekstar du skal bruke)
- idémyldre og skaffe deg oversikt (kva du kan frå før, kva du må sette deg inn i, kva tekstar du bør bruke)
- lage problemstilling

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.